

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 15.01.2012  
Frå: **Administrerende direktør**  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 23.11.11 - 15.01.12**

**Administrerende direktør si orientering pkt 5  
Styresak 003/12 O**

**Styremøte 01.02. 2012**

---

## **Nyheiter i helseretten per 1. januar 2012**

### **Samhandlingsreforma**

Samhandlingsreforma er innført frå 1. januar 2012 og i samband med den trer ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester i kraft. Samhandlingsreforma inneberer og at det trer i kraft endringar i 40 andre lover, medrekna fleire endringar i lov om pasientrettar og spesialisthelsetenestelova. Det trer og i kraft fleire nye forskrifter og forskriftsendringar. Nytt regelverk er eit sentralt virkemiddel for å understøtte samhandlingsreforma sitt mål om betre samhandling mellom kommunalt nivå og spesialisthelsetenesta.

### **Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseloven)**

Eit av samhandlingsreforma sine mål er auka vektlegging av folkehelsearbeid og førebygging av sjukdom. Kommunane vil mellom anna gjennom folkehelselova få eit meir heilskapleg ansvar for innbyggjarane si helse. Ei nærmare omtale av folkehelselova og tiltak knytt til ikraftsetting er omtala i rundskriv I-6/2011: Ikraftsetting av lov om folkehelsearbeid.

### **Lettare tilgjengeleg regelverk for psykisk helsevern**

Ein ny samleforskrift for psykisk helsevern tok til å gjelde frå 1. januar 2012. Den samlar elleve tidlegare forskrifter for å gjere regelverket lettare tilgjengeleg. Innhaldet i dei tidlegare forskriftene er i stor grad vidareført i den nye samleforskrifta.

### **Nyfødtscreening**

Alle nyfødte får i dag tilbod om å bli undersøkte for stoffskiftesjukdomen fenylketonuri (også kalla Føllingssykdom eller PKU), og medfødt hypotyreose. For å gjere det mogleg å utvide dette tilbodet med 21 nye sjukdomar, er det vedteke endringar i forskrift om genetisk masseundersøking. Det vil gå noe tid til praktisk tilrettelegging (mellom anna til å ferdigstille informasjonsmateriale) før utvidinga av masseundersøkinga kan starte opp.

### **Nasjonalt register over hjarte- og karlidingar**

Forskrift om innsamling og behandling av helseopplysingar i nasjonalt register over hjarte- og karlidingar tok til å gjelde frå 1. januar 2012. Hjarte- og karsjukdomar er vår største gruppe av folkesjukdomar og det er eit stort behov for auka kunnskap om førebygging, diagnostisering og behandling av denne type sjukdomar. Nasjonalt folkehelseinstitutt skal vere ansvarleg for det nye nasjonale registeret.

### **Billigare kolesterolmedisinar**

Ein endring i forskrift om legemiddel inneberer lågare pris på det byttbare (generiske) virkestoffet simvastatin, som er omfatta av trinnprissystemet. Simvastatin er et kolesterolsenkande legemiddel som blir brukt av om lag 350 000 nordmenn. Dette gir ein innsparing for folketrygda på ca 66 millionar kroner i 2012, og redusert eigenbetaling for pasientane på ca 18 millionar kroner.

### **Forskrift om oppjustering av driftsavtale for fysioterapeutar**

Ein del fysioterapeutar har mindre driftsavtale enn praksisomfanget. Frå 1. januar 2012 kan kommunane utlyse ledige timer eller auke driftsavtalene til avtalefysioterapeutane i kommunen utan å måtte utlyse den ledige kapasiteten eksternt.

### **Helsetilsynet i fylket er blitt integrert med fylkesmannsembetet**

Helsetilsynet i fylket vil frå og med 2012 integrerast på lik linje med andre fagområde i fylkesmannsembetet og vil ikkje lengre vere ein eigen instans. Fylkesmannen blir etablert som felles klage- og tilsynsinnsinstans, og fører tilsyn med barnevern-, sosial- og helsetenesta.

### **Oversikt over aktuelle nye lover i perioden 23.11.11 – 15.01.12**

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld
Ingen nye saker i perioden.		

### **Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 23.11.11 – 15.01.12**

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om innsamling og behandling av helseopplysingar i Nasjonalt register over hjarte og karlidingar.	19.12. 2011	Forskrifta gjeld frå 01.01. 2012.
Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator.	19.12. 2011	Forskrifta gjeld frå 01.01. 2012.
Forskrift om etablering og gjennomføring av psykisk helsevernforskrifta m.m.	19.12. 2011	Forskrifta gjeld frå 01.01. 2012.

### **Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 23.11.11 – 15.01.12**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppdragsdokument 2012	13.01.12	Sjå eiga sak.